

MØTEBOK

SAKLISTE

ELDRERÅDET I HAREID

Møtestad: Hareid rådhus, kommunestyresalen Møtedato: 17.11.2008 Tid: 12.30 til 14.00.

Ved møtestart var desse til stades:

Marie Lovise Widnes
Johanne Røyset
Liv Kirsten Mork
Lidvar Rise
Arvid Eidsvik
Steinar Mork

5 voterande

Møtet vart leia av Marie Lovise Widnes.

Frå administrasjonen møtte sekretær i rådet, Evelyn Haram Larsen, som førde møteboka.

Innkallinga: Godkjend

Saklista: I tillegg til sakene som står oppførde på sakslista var det i løpet av møtet høve til å ta opp ein del tilleggs-, drøftings- og orienteringssaker, jamfør protokolleringa seinare i møtet.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Merknad
PS 23 / 08	GODKJENNING AV PROTOKOLL FORRIGE MØTE	
PS 24 / 08	AVLASTNINGSOPPHALD / KORTTIDSOPPHALD. Jf. Brev frå Tingvoll eldreråd	
PS 25 / 08	LYSPUNKT OG VASSLEKKASJE HADARTUN- Oppfølging	
PS 26/ 08	MØTEPLAN 2009	
PS 27/ 08	BUDSJETTFRAMLEGG ELDRERÅDET	
PS 28/ 08	EVENTUELT	
PS 29/ 08	HANDLINGSPLAN. Felles handsaming med RFU kl 14.00	
Sak nr.	Innhald	
PS 23/08	GODKJENNING AV PROTOKOLL FORRIGE MØTE	
	Sekretær syner til utsendt protokoll etter møtet 25.08.2008. Protokoll samrøystes godkjent, utan merknader.	

PS 24/08 AVLASTNINGSOPPHALD / KORTTIDSOPPHALD

Samrøystes uttale:

Eldrerådet har teke mot brev frå Tingvoll eldreråd om avlastningsopphald/korttidsopphald, og vil be om at kommunen viser merksemd at rette lova vert fylgd, og at klientar og pårørande vert gjort kjende med dei rettar og val dei har, ved søknad om avlastning.

PS 25/08 LYSPUNKT OG VASSLEKKASJE HADARTUN- Oppfølging

Sekretær og leiar i rådet orienterte kort om saka per dags dato, og Hermann Bakke orienterte om opphavleg lysplan ved senteret; der det var innteikna 4 lyspunkt på plen utanfor eldresenteret, men vart redusert til 1 punkt i gjennomføringa.

Samrøystes uttale:

Eldrerådet i Hareid seier seg glade for at det no ser ut til å gå mot ei løysing på saka om lyspunkt ved Hadartun. Rådet vil krevje at ein gjer fortgang, slik at ein får nytte av det alt no i haust, då det er særleg mørkt når markene er snøfri. Ein vonar og at kommunen vel den løysinga som utan tvil vil vere den beste, sjølv om det skulle koste litt meir.

Eldrerådet ventar og at ein no snarleg finn løysing på lekkasjeproblema, slik at den saka endeleg kan kome ut av verda etter all den tida som har gått, sidan kommunen første gong fekk melding om lekkasjen.

PS 26/08 MØTEPLAN 2009

Då kommunal møteplan 2009 endå ikkje ligg føre, **set ein opp 1.møte i eldrerådet til : Onsdag 4.februar kl. 10.00.**

På det møtet vert då resterande møteplan for rådet 2009, sett opp.

PS 27/08 BUDSJETTFRAMLEGG ELDRERÅDET

Samrøystes uttale til kommunestyret :

Eldrerådet ynskjer å gjere eit godt arbeid for dei eldre i Hareid, slik meininga med å opprette eit slikt råd, er.

Rådet finn det noko vanskeleg, når ein ikkje veit om kva ein kan tillate seg av møte, eventuelle kurs, tilskiping av kulturtilbod for eldre, og ikkje minst når det gjeld den internasjonale eldredagen , som det ligg til dette utvalet å arrangere. Rådet veit at kommunen ofte slit med knapp økonomi, men vi veit og at kommunane kvart år vert tildelt pengar som nettopp skal tilfalle eldreråda sitt arbeid. Etter dei opplysningar rådet har, får kommunane tildelt 100 mill årleg, til m.a. eldreråda. Dette utgjer ca 20 kr. pr person. For ei kommune som Hareid utgjer det ca 100 000,-årleg. Dette vert no jamt drøfta på fylkes og landsmøte i eldreråda, for di mange kommunar ikkje har budsjettert slik at dei lovpålagde råda kan arbeide.

Vi er difor så fri å be om eit budsjett for komande år, der det går klart fram kva det skal omfatte av kostnader, t.d. møtegodtgjersle, kurs, sekretærgodtgjersle, kulturtilbod (eldredagen) el.anna. Etter vår meining bør sekretærgodtgjersle

haldast utanfor, i og med at sekretæren er sams for fleire råd. Der i mot burde rådet ha økonomi til å leige inn brukbare kulturutøvarar eller foredragshaldarar, skaffe skyss til dei som treng det til eldrefesten, eller til andre tilstellingar i kommunen der det er interesse mellom dei eldre å delta. Det kunne og vere nyttig for eldrerådet med t.d. synfaringar på andre institusjonar for eldre.

Eldrefesten i år kom på nærare 15000,-med alt. Dette bør ein ta omsyn til, når summen skal fastsetjast. I dei fleste kommunar er det eldrerådet som steller til eldrefest på FN sin eldredag. Pensjonistlaget, som vi samarbeider med, har berre utlodning som inntektskjelde, og dei kjøper også gevinstane. Laget gjer eit stort arbeid for dei eldre, men dei er sjølvfinansierande, og har ikkje store ressursar å ta av. Saniteten, som hjalp til på kjøkkenet, har arbeidd gratis. Vi har merka oss at prisane på mat har stege monaleg siste året. Vi merkar og at fleire og fleire av utøvande kulturpersonar, forlangar skikkeleg betaling for det dei gjer. Dersom sekretærløna til vårt utval vert halden utanfor, vil eldrerådet søke kommunen om eit budsjett på 40 000,- førti tusen kroner. Dette samsvarar nokolunde med summar andre kommunar av liknande storleik, har bedt om.

PS 28/08 EVENTUELT

- Brev frå seniorrådet med påminning om saker som: Bustadtilhøve for eldre. Dataopplæring. Kultur for dei eldre.
- Rådet drøftar om det er mogleg med overføring frå t.d konsertar i samband med Hareidsstemna, og andre program i kyrkja som ikkje vert overførte. Leiar vil sende brev til soknerådet og styret for Hareidsstemna for å få greie på om konsertar og liknande, kan overførast. I fall det vert aktuelt, vil ein kontakte frivilligsentralen eller andre som er aktuelle til å hjelpe til med å få interesserte innbuarar på institusjonen fram og attende til det romet der overføringa er.
- Ein drøftar og tilbod om skyss for eldre og uføre til kulturarrangement utanfor eldreinstitusjonen..

PS 29/08 HANDLINGSPLAN 2009- 2012, felles handsaming med RFU.

Hastemøte i eldrerådet torsdag 20.11 kl. 10,for å rekke å kome med ein uttale før handsaming i formannskapsmøtet same dag. Sammøte med RFU går difor ut.

Møtet slutt kl 14.05.

Neste møte torsdag 20.11.2008 kl 10.00 for å handsame Handlingsprogrammet 2009-2012

Hareid 20.11.2008

Evelyn Haram Larsen, sekretær